
Saknr: 2020/44637-1
Saksbehandlar: Hans Inge Gløppen

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.03.20

Konsekvensar av korona-pandemien for næringslivet i Vestland

Forslag til vedtak

- Vestland fylkeskommune ynskjer å dempe konsekvensane av korona-pandemien med eit sett tiltak med ei samla kostnadsramme på kr 22 100 000. Nokre av tiltaka blir innanfor desse sektorane:
 - Reiselivsbransje og beslektede næringer
 - Leverandørindustri til olje og gass
 - Små- og mellomstore bedrifter og oppstartsbedrifter, styrka gjennom næringshagane og inkubatorane i Vestland fylke.
 - Tiltak retta direkte mot bedrifter gjennom avtale med Innovasjon Norge
- Tiltaka blir finansiert slik:
 - Rentemidlar frå kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgivaravgift i perioden 2016 - 2019 kr 12 800 000
 - Unyttige midlar kompetanseprosjekt, kompensasjonsordninga kr 4 900 000
 - Unyttige midlar bedriftsretta prosjekt, tildelt Innovasjon Norge under kompensasjonsordninga kr 4 400 000
- Til vidare oppfølging av prosjekt i kommunane Bømlo, Etne, Kvam og Modalen vert det sett av kr 3 700 000
- Fylkesutvalet ber fylkesordførar om å etablere «Omstillingsutval for Vestland». Uvalet vert leia av fylkesordførar og har følgjande samansetning; Utvalsleiar næring, ein rep. frå opposisjonen, leiing frå NHO, LO, NAV, Innovasjon Norge, samt administrativ leiing i fylket.
- Utvalet får fullmakt til å være styringsgruppe for forvaltning av løyvinga, organisere arbeidet, og målrette bruken av verkemidlane der det er størst behov. Det er viktig at dette arbeidet vert koordinert med dei andre aktørane i verkemiddelapparatet.
- Fylkesutvalet vil oppmode regjeringa om å setje inn tiltak som tek omsyn til at regionane er ulikt råka av verknadene av korona-viruset.

Samandrag

Næringslivet på Vestlandet er i ein svært dramatiske situasjon, og mykje tyder på at det som skjer no, kan bli den mest krevande omstillingstiltaket i vår tid. Det er enno for tidleg å sjå nøyaktig kva utfordringane er, eller kven som blir hardest råka. Samordna regional innsats knytt til utfordringane blir viktig, og Vestland fylkeskommune ynskjer å setje inn tiltak der dei hjelper næringslivet best. Regjering og Storting rullar no ut store tiltak; både bedriftsretta, ivaretakande for arbeidstakarar,

fleire finanspolitiske verkemidlar, samt innsats og tiltak mot kapital- og rentemarknaden. Bankane og NAV er gjeven ei sentral rolle som «førstelinje» i denne krisa som næringslivet no er kasta inni.

Det fylkesrådmannen legg fram no er ein fylkeskommune denne saka ber fylkesrådmannen om ei fullmakt til å disponere kr 22 100 000 til formålet, finansiert med renter og delar av unytta midlar frå kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgivaravgift. Fylkesrådmannen ber om forståing for at det er for tidleg å vere heilt spesifikk når det gjeld utfordringane næringslivet møter og kva mottrekk som vert iverksett frå for å møte desse.

Fylkesrådmannen anbefaler fylkesutvalet å etablere eit «Omstillingsutval for Vestland». Det har tidlegare vore gode erfaringar med ei slik organisering knytt til ekstraordinære situasjonar for næringslivet, bl.a i samband med den vanskelege situasjonen i petroleumsnæringa etter oljeprisfallet i 2014, som slik som no, skapte eit behov for samordna regional innsats for å jobbe med problemstillingar knytt til utfordringane for som då var for leverandørindustrien

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Etter framlegg frå Gunhild Berge Stang (V) gjorde hovudutvalet for næring, naturressursar og innovasjon følgjande samrøystes vedtak i «*PS 19/20 Oppfølging av korona-pandemien sine konsekvensar for næringslivet*»:

Hovudutvalet for næring, naturressursar og innovasjon ser alvorleg på kva konsekvensar korona-pandemien har for næringslivet i regionen vår. Ikkje minst er vi sterkt uroa over korleis dette råkar små og mellomstore bedrifter i distrikta og lokalsamfunna våre. Vi ber administrasjonen følgje situasjonen tett, kartlegge korleis Vestland fylke kan bidra til å avhjelpe situasjonen, og oppfordrar fylkesrådmann/fylkesordførar om å legge fram ei sak om dette for neste fylkesutvalsmøte.

Saka vart sett på sakskartet utan saksframlegg. I etterkant har biletet blitt noko tydlegare. Regjeringa har lansert den første av ei rekkje med tiltakspakkar. Framleis er situasjonen uoversiktleg.

Konsekvensar for næringslivet i Vestland

Næringslivet på fylket vårt vil framover gå gjennom svært dramatiske tider, og mykje tyder på at dette kan bli det største omstillingstiltaket i vår tid. Det er enno for tidleg å sjå nøyaktig kva utfordringane er, eller kven som blir hardast råka. Samordna regional innsats knytt til utfordringane blir viktig, og Vestland fylkeskommune ynskjer å setje inn tiltak der dei hjelper næringslivet best. For vårt fylke med mange kapitaltunge næringar som oljeservice, maritime næringar og verftsindustri, er dei pakkane som no kjem frå Regjering of Storting svært viktige. Det er næringar som raskt vert råka av lav etterspørsel, innreiseforbod for kritisk arbeidskraft, og karantenar, og næringar der heimekontor nesten er umogeleg å gjennomføre og går rett i minus på botnlinja.



«Føstelinja» er no mobilisert, med sterke finanspolitiske verkemiddel frå Regjering og Storting, som vart lansert i fleire «pakkar» sist veke. Endra permitteringsreglar med full løn til permitterte dekkja av staten frå dag 2, har medført ein ønska bruk av permitteringar, der 145 000 har meldt seg arbeidsledige hos NAV berre siste veka. NAV har mobilisert med kapasitet og verktøykasse for dette. Alternativet hadde blitt mykje oppseiingar i mange næringar.

Dei omfattande tiltaka som er sett inn dei siste vekene i fleire land er naudsynte for å avgrense smitte. Konsekvensane er store for den einskilde, for norske verksemdar, arbeidsplassar og arbeidstakarar, og for heile samfunnet. Store deler av økonomien er påverka. I vår region ser det

ut til at reiseliv, overnatting, tenestesektoren, oppstartsbedrifter og ei mengde små- og mellomstore bedrifter er hardast ramma. Aktiviteten, etterspørsel etter varer tenester, er på mange områder heilt stoppa opp. Det er usikkert når situasjonen vil betra seg, og mange verksemdar vil bli påverka i langt tid.

Dette er dei hardast råka yrkesgruppene:

- Reiseliv og transport: 340 % auke i heilt ledige frå veke 10 til veke 12.
- Leiarar: 277 %
- Serviceyrker og anna arbeid: 259 %.



På tre veker er det registrert 1 600 sjukemeldingar med påvist eller mistanke om smitte i Vestland. Over 1,6 % av arbeidsstyrken har søkt om dagpengar dei siste 3 vekene.

Talet arbeidsledige har auka med 150 % på to veker. I veke 12 var 5,5 % av arbeidsstyrken arbeidsledig.

Dei mellom 20 og 24 år er hardast ramma (8,8 % av arbeidsstyrken er no heilt arbeidsledig). Det svara til ei auke på 200 %.

Nærare om særskilte utfordringar i Vestland fylke:

Resiseliv:

Fylkeskommunen samla reiselivsaktørar til Reiselivsforum Vestland 10.mars, der ein oppdaterte einannan på situasjonen - og såg på aktuelle tiltak. Frå reiselivsnæringa kom det då følgjande innspel til fylkeskommunen

- Stort behov for å bidra til å sikre at destinasjonsselskapa held seg i gong i ei krevjande tid der finansieringa for dei fleste er i ferd med å rakne
- Bidra med midlar til marknadsføring av nærmarknadane når situasjonen har stabilisert seg

Fylkeskommunen har seinare vore i telefonisk kontakt med destinasjonsselskapa for å oppdatere seg som stoda. Det vert meldt om avbestillingar, fråvær av bestillingar og omfattande premieringar. Og det vert meldt om verksemdar som stenger heilt ned, eksempelvis dei fleste hotella, utan at ein veit når verksemdene kan opne att. Vi har også vore i møte med Innovasjon Norge Vestland, som melder om at mange reiselivsverksemdar vil stengt ned og for den viktige sommarsesongen.

Fylkeskommunen kan ikkje hjelpe reiselivsbedriftene direkte. I denne leverandørkjeden finn vi og mange lokalmatprodusentar og kulturaktørar som og mister bestillingar og inntekter frå reiselivet og hotell/serveringsplassar. Det reint bedriftsretta tek m.a. bankane og Innovasjon Norge seg av. Men vi kan hjelpe dei som skal hjelpe reiselivsbedriftene, der destinasjonsselskapa har ein særskilt viktig funksjon. Destinasjonsselskapa er medlemsorganisasjonar som er finansiert av medlemskontigent frå reiselivsbedriftene i sin region. Kommunar og andre som til dømes lokale kraftfond er bidragsytarar og i enkelte høve eigarar, og det er variasjon i eigarstrukturen. For destinasjonsselskapa vil det venta talet på konkursar i medlemsmassen være problematisk. Og reduksjon eller bortfall av medlemskontigent frå dei større medlemmane som har kontigent basert på omsetjing, vil bli svært krevjande. Destinasjonsselskapa arbeider også med planlegging for å få opp igjen trafikken for 2021 og framover. Dei vanlege møteplassane for salsmøte og workshops er avlyst og det er ikkje inngått nye avtalar for komande sesongar. Vi ser at fylkeskommunen sitt bidrag i denne omgang kan vere å sikre at destinasjonsselskapa er i stand til å hjelpe reiselivsbedriftene.

Små- og mellomstore bedrifter (SMB-ar), inkludert grunder- og innovasjonsselskap.

Mange SMB-ar no i ein svært vanskeleg situasjon, der mange bedrifter no trenger bistand. For desse er akutt kapitalmangel eit stikkord. Det er det ikkje fylkeskommunen si rolle å bidra med. Mange bedrifter har no lita eller ingen inntekt, men dei har faste utgifter som dei må betale. Regjeringa sin tiltakspakke med statleg lånegaranti på 50 milliardar vert retta mot nye banklån til små og mellomstore bedrifter som tapar pengar. Saman med andre tiltak som regjeringa foreslår, vil dette bidra til å byggje tillit i kapitalmarknaden og slik sikre denne delen av norsk næringsliv finansiering. Dette vil medverke til å sikre at folk har ein jobb å gå til etter krisa. Ut over dette ser vi at mange bedrifter no ber næringshagar og inkubatorene om råd. Det vert viktig for Vestland fylkeskommune å sjå til at denne infrastrukturen med hjelparar som vi strategisk har etablert, og saman med SIVA har støtta over ein 15-års periode framleis vert i stand til å være ein viktig aktør i distrikt og opp mot gründarar og entreprenørar. Desse aktørane slit og no, men når denne krisen er over vil svært mange bedrifter ha et stort behov for hjelp og for inkubasjon. Det vil være stor etterspørsel etter inkubasjonstjenester og behovet for innovasjon, nye arbeidsplasser og entreprenørskap vil være stor.

Det blir allereie no rapportert til oss at investorar med nødvendig risikokapital trekkjer seg unna bedrifter som er avhengig av oppstarts- eller utviklingskapital. Desse konsentrerer seg no om kjerneverksemda. Verken Innovasjon Norge eller Siva disponerer verkemiddel som yter eigarkapital. Vestland fylkeskommune oppmodar difor sentrale styresmakter til å utruste såkornfond og eventuelle presåknfond med tilstrekkelege verktøy til å motverke at vi tapar ein heil generasjon oppstartsbedrifter. Det er viktig at vi tek omsyn til at gode kapitalforvaltningsmiljø ser ut til å henge saman med gode oppstartsbedrifter og eit godt utvikla økosystem for innovasjon.

Det vil bli stort behov for endra- og ny kompetanse hos mange arbeidstakarar.

Fylkeskommunane har knytt til regionreformen fått eit forsterka ansvar for den regionale kompetansepolitikken. I dette ligg det at dei skal samordne arbeidet med kompetanseutvikling i regionen (kva er kompetansebehovet i dag og i framtida) og skal syte for at verkemidlane og tilboda er tilpassa arbeidslivets behov. Kompetanseheving vil være eit viktig verkemiddel for å hjelpe bedriftene gjennom krisen vi no står oppe i. Det vi veit er at mange små og mellomstore bedrifter manglar innovasjons- og omstillingskompetanse. I konjunkturoppganger er innteninga god og bedriftene har full fokus på å levere, når pilane peiker nedover er løysinga å permittere og

stramme inn. Vi ser framover eit kritisk behov for auka kompetanse til å teste ut nye forretningsmoglegheiter og utvikle nye arbeidsmetodar. Andre bedrifter har behov for større fleirfaglegheit, at tilsette kan gjere fleire typar arbeidsoppgåver, for å oppretthalde drifta. Auka digitalisering og automatisering vert andre måtar å løyse utfordringane på. Dette kan løysast gjennom å gje tilbod om fagbrev «light», skreddarsy kurs ved fagskolen, eller liknande. Høgskule og universitet har og moglegheit til å kunne utarbeide etter- og vidareutdanningstilbod som kan avhjelpe bedriftene i ein kritisk fase. Det som kan verte viktig for oss er å sikre at utdanningsinstitusjonane og andre aktørar raskt kan snu seg rundt å tilby det som bedriftene har behov for. Dette krev ekstra midlar som kan omsetjast i konkrete tiltak.

Som vi ser av tala frå NAV blir mange permitterte og arbeidsløysa aukar dramatisk. Det betyr at mange må gjere nye karriereval. Vi kan difor forvente auka etterspurnad etter rettleiingstenester frå Karriere Vestland. Som på mange andre område vil ein slik auka raskt eskalere. Fylkeskommunen vil då ha behov for å raskt kunne auke kapasiteten hjå Karriere Vestland for å kunne møte den auka etterspurnaden etter karriererettleiing.

Nasjonale strakstiltak

Regjeringa har lagt fram dei første og mest naudsynte strakstiltaka for å trygge jobbar og hjelpe bedrifter i ein krevjande situasjon. Det vert jobba med tiltak i tre fasar:

1. Det er iverksett strakstiltak for å unngå konkursar og oppseiingar for bedrifter som er akutt ramma av virusutbrotet.
2. Det er meldt at det vil koma ytterlegare konkrete tiltak når behovet er der, både for bransjar og bedrifter som er spesielt hardt ramma, og for næringslivet elles.
3. Det vert også vurdert breiare tiltak for å oppretthalde aktiviteten dersom dette blir naudsynt.

I den første fasen vi er inne i no er det prioritert bl.a. følgjande tiltak:

- Tiltak i helsevesenet for å handtera den akutte situasjonen.
- Redusere tal på dagar med lønsplikt for arbeidsgjevarar ved permittering frå 15 til 2 dagar og oppheve ventedagane for dagpengar for dei som permitterast.
- Staten vi ta større delar av rekninga for sjukepengar og omsorgspengar.
- Arbeidsgjevaravgifta senka med 4 prosentpoeng i to månader. Dette er berekna å koste ca. 10 milliardar kroner.
- Endring i skattereglane slik at bedrifter som går med underskot, kan tilbakeføre underskotet mot skattlagt overskot frå tidlegare år.
- Endring i skattereglane slik at eigarar av bedrifter som går med underskot, kan få utsetting av betaling av formuesskatt.
- Sjølvstendig næringsdrivande får utsett første termin av forskotsskatt frå 31.mars til 1.mai.
- Midlertidig oppheving av flypassasjeravgifta i perioden frå 1. januar 2020 til og med 31. oktober 2020.
- Midlertidig oppheving av lufthavnavgifter til og med 30. juni.
- Forsterka støtte til kompetanseheving og bedriftsintern opplæring i bedrifter som er ramma av virusutbrotet gjennom auka rammetilskot til fylkeskommunane.
- Auka bevilling av skjønnsmidlar til kommunar som har hatt større meirutgifter i samanheng med virusutbrotet.
- Endring i pensjonsreglane slik at alderspensjon ikkje fell bort eller vert redusert ved friviljug eller plikttjeneste for helsepersonell.
- Permitterte får full (inntil kr 600 000) løn i 20 dagar, mot 15 før. Arbeidsgjevar betaler de to første dagane og staten de resterande 18 dagane.
- Etter dag 20 blir dagpengane 80 prosent av tidlegare lønn opptil rundt 300.000 kroner og 62,4 prosent av tidlegare lønn opp til rundt 600.000 kroner.
- Inntektsgrensa for å ha rett til dagpengar vert halvert til knapt 75.000 kroner.
- Kravet til arbeidstidsreduksjon vert redusert frå 50 til 40 prosent for rett til dagpengar under permittering.
- Bestemmelse om at permitterte må vente i tre dagar før utbetaling av dagpengar startar, vert foreslått oppheva.
- Lærlingar som mister plassen, skal ha inntekt på nivå med lærlinglønnen.

- Frilansare og sjølvstendig næringsdrivande kan etter 17 dagar uten inntekt få 80 prosent av gjennomsnittet av siste tre års inntekter, opp til 600.000 kroner. De har også rett på sjukepengar og omsorgspengar frå dag fire.
- Statleg lånegaranti retta mot nye banklån til små og mellomstore bedrifter som tapar pengar etter utbrotet av coronaviruset. 50 milliardar kroner.
- Ordning retta mot dei største bedriftene, med forslag å gjenopprette statens obligasjonsfond. Ordning vil ha en ramme på 50 milliarder kroner som kan investerast i obligasjonslån utsteda av norske bedrifter.
- Det vert etablert ei kompensasjonsordning for bortfall av inntekter med 300 millionar til kultursektoren og 600 millionar til idretten og frivilligheten.

I første fase er det i hovudsak punktet knytt til forsterka støtte til kompetanseheving og bedriftsintern opplæring fylkeskommunen får ei aktiv rolle. Her er det varsla auka rammetilskot til fylkeskommunane.

Det er også varsla at kultursektoren vert tilgodesett med 900 millionar kroner i kompensasjon for tapte inntekter som følge av coronaviruset. Ifølge kultur- og likestillingsdepartementet får kulturlivet rundt 300 millionar kroner, mens idretten, det frivillige kulturlivet og frivillige organisasjonar elles får rundt 600 millionar kroner.

Når det gjeld andre og tredje fase er det varsla nye tiltakspakkar frå regjeringa før påske. I desse fasane er det viktig å få fram eit signal om at fylkeskommunen og dei andre regionale aktørane har ei sentral rolle. Det er vi som har den regionalgeografiske kompetansen, kunnskap om verkemiddelaktørane og bransjekunnskapen. Det er, med andre ord, viktig at Vestland fylkeskommune kan forvalte og gje retning til nasjonale tiltakspakker.

Økonomiske rammer

Fylkeskommunen disponerer restmidlar på til saman 25.8 mill. kroner frå kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift Denne ordninga vart avvikla i 2016. Dei sentrale retningslinene gir no fylkeskommunen høve til å disponere desse midlane uavhengig av dei kommunane som har vore inne i ordninga. Ein stor del av dei midlane som er disponert er rentemidlar, som er resultat av at fylkeskommunen har hatt midlane ståande på rentebærande konto.

Alle midlane tildelt Hardanger og Nordhordland i perioden 2004 til 2006 blei utbetalt innan 2008. Det er difor ikkje unytta eller tilbakeførte midlar knytt til desse regionane.

Unytta og tilbakeførte midlar er dels knytt til Sunnhordland. Resten er knytt til midlar forvalta av fylkeskommunen og er stort sett knytt til tilsegn frå perioden 2007 til 2014. I den perioden var det kommunane Jondal, Kvinnherad, Etne, Bømlo, Tysnes, Kvam og Modalen som inngjekk i ordninga kor dei store bidragsytarane var Kvinnherad, Kvam og særleg Bømlo. Sjølv om renteinntektene stammer frå perioden 2016 til 2019 var dei i stor grad knytt til alle dei sju kommunane som var med i perioden 2007 til 2014.

Fylkesrådmannen tilrår å disponere restmidlane slik:

Til vidare oppfølging av prosjekt i kommunane Bømlo, Etne, Kvam og Modalen kr 3 700 000

Disponert i denne saka:

Unytta midlar til kompetanseprosjekt kr 4 900 000

Avsette, men ikkje utbetalte midlar til bedriftsretta prosjekt, Innovasjon Norge kr 4 400 000

Rentemidlar for åra 2016 - 2019 kr 12 800 000

Totalt kr 22 100 000

Fylkesrådmannen legg opp til å setje av midlar til bedriftsretta tiltak gjennom Innovasjon Norge. Regiondirektøren i Innovasjon Norge opplyser at det er for tidleg å vere spesifikk på tiltak, men ber om størst mogleg fridom med tanke på disponering innafør gjeldande regelverk. Fylkesrådmannen set difor ikkje særlege vilkår med tanke på bruk av desse midlane.

Vedtakskompetanse

Bakgrunnen for saka er særmerkt, men fylkesrådmannen tolkar det slik at fylkesutvalet har vedtakskompetanse, jf. Delegeringsreglementet

Vurderingar og verknader

Økonomi: Omdisponering av restmidlar frå kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Konklusjon

Det overordna målet for den regionale omstillingsarbeidet blir å få til ein best mogleg samordna og koordinert innsats i regionen for å kunne medverke til omstilling som følgje av utfordringane knytt til korona-pandemien. Fylkeskommunen har i utgangspunktet avgrensa økonomiske ressursar til formålet. Når det kjem nye tiltakspakkar frå sentralt hald er det naturleg at det regionale nivå får ei koordinerande rolle.

Fylkeskommunen har lang erfaring med omstillingsarbeid i kommunar og lokalsamfunn. I nyare tid har fylkeskommunen erfaring med bransjemessige utfordringar, særleg i forbindelse med oljepriskrisa i 2014 til 2017, der fylkeskommune hadde ansvar for å koordinera innsatsen langs heile Sør-Vestlandet. Denne erfaringa er det viktig å dra vekslar på.

Når det gjeld finansiering av økonomiske straktiltak regionalt så har fylkeskommunen restmidlar frå kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift som vart avvikla i 2016. Fylkesrådmannen meiner det bør vurderast å målretta desse midlane slik at dei kan dempa skadeverknadene av korona-pandemien. Det har vore tradisjon for at desse midlane skulle brukast i dei kommunane som har betalt full arbeidsgjevaravgift. Dei sentrale retningslinene gir fylkeskommunen høve til å disponere desse midlane uavhengig av desse kommunane. Ein stor del av dei midlane som er disponert er rentemidlar Fylkesrådmannen vil likevel presisere at det vert att ein del av midlane til oppfølging av prosjekt i dei råka kommunane.

Fylkesrådmannen tilrår av ein samla sum på kr. 25,8 millionar, å disponere midlane slik:
Til vidare oppfølging av prosjekt i kommunane Bømlo, Etne, Kvam og Modalen kr 3 700 000

Disponert i denne saka:

Unytta midlar til kompetanseprosjekt kr 4 900 000

Avsette, men ikkje utbetalte midlar til bedriftsretta prosjekt, Innovasjon Norge kr 4 400 000

Rentemidlar for åra 2016 - 2019 kr 12 800 000

Totalt kr 22 100 000

Det er viktig at forvaltninga av midlane til ei kvar tid skjer i tråd med, og innanfor EU og ESA sitt anskaffingsregleverk.